



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyre
Møtestad:	Kommunestyresalen, Combisenteret, Fiskå
Dato:	15.12.2025
Tid:	kl 09:00 - 16:05

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Caroline Juul	Ap	Medlem
Lars Tore Bakkebø	Ap	Medlem
Njål Sivertstøl	Ap	Medlem
Elisabet Lauvstad Haugen	Frp	Medlem
Rolf John Aasevik Dyb	Frp	Medlem
Runar Slagnes Hommo	Frp	Medlem
Katrin Brekke Sunde	H	Medlem
Per-Johnny Brekke	H	Medlem
Kristian Ernie Bentsen	INP	Medlem
Magne Johnny Sætre	INP	Medlem
Nils Olav Moen	INP	Medlem
Joar Asle Lille-Rovde	KrF	Medlem
Ingebrigt Berget	SP	Medlem
Merete Vatne	SP	Medlem
Paul Sindre Vedeld	SP	Ordfører
Karen Birte Bjørlykke	V	Medlem
Lena Marie Landsverk	V	Varaordfører
Lene Christine Drabløs Strand	V	Medlem
Vidar Solheim	V	Medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Frank Robert Sande	INP	Therese Drabløslid Aksnes	INP
Tormod Hvattum	SP	Petter Bondhus	SP

21 av 21 medlemar møtte.

Frå ungdomsrådet møtte Olina Sande Sjøstad og Ingeborg Amalie Sande.

Frå administrasjonen kommunedirektør Andres Chr. Nørve, kommunalsjef Karoline Lundås og møtesekretær Kåre Kvangarsnes.

Votering i sak 119/25 etter handsaming av sak 120/25.

Sak 139/25 vart handsama etter sak 126/25.

Sak 136/25 vart handsama etter sak 139/25.

Runar Slagnes Hommo fekk innvilga permisjon og forlet møtet før votering i sak 119/25.

Rolf Dyb var fråverande under voteringa i sak 119/25.

Joar Lille-Rovde fekk innvilga permisjon og forlet møtet etter handsaming av 139/25.

Caroline Juul fekk innvilga permisjon og forlet møtet etter handsaming av 136/25.

Varaordførar Lena Marie Landsverk gjekk frå som ugild i sak 130/25.

Kristian Bentsen gjekk frå som ugild i sak 132/25.

Magne Johnny Sætre gjekk frå som ugild i sak 135/25.

Kommunedirektør Andreas Chr. Nørve gjekk frå som ugild i sak 135/25.

Mellom kl. 12.00 og kl. 13.40 var det julemiddag og utdeling av kulturprisen 2025 til Idar Berget.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 113/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	25/1260
PS 114/25	Godkjenning av protokoll	25/1260
PS 115/25	Open talarstol	25/1260
PS 116/25	Spørjetime	25/1260
PS 117/25	Orienteringar	25/1260
PS 118/25	Referatsaker	25/1260
RS 85/25	Endringar i lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) – ikrafttredelse 1.januar 2026	25/979
RS 86/25	For oppmelding som referatsak til kommunestyret: Møteprotokoll - Vanylven kontrollutval - 14.11.2025	19/10915
RS 87/25	Høyring - endring i stykkprisforskrifta og salærforskrifta (stykkpriser i nye sakstyper etter rettshjelpsloven mv.)	25/1
RS 88/25	Høyring - endringar i arbeids- og velferdsforvaltningslova om behandlingsansvar i arbeids- og velferdsforvaltning	25/1
RS 89/25	Høyring - forslag til ny postlov	25/1
RS 90/25	Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning	25/1
RS 91/25	Høyring av forslag til ny lov om justering av karbonpris ved import av varer til EØS (CBAM-loven)	25/1
RS 92/25	Høyring av fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030	21/219
RS 93/25	Høyringssvar til Samferdseldepartementet - Utredning av statens kjøp av regionale flyruter i Sør- Norge	25/1251
RS 94/25	Høyingsuttalelse - redusert nedre grense i grunnrenteskatten og naturressursskatten for vannkraft	25/1252
RS 95/25	Informasjon: brev til regjeringa om kompensasjon for Vanylven etter Stad skipstunnel	20/2326
RS 96/25	Spørsmål om fyrverkeri	19/10948
RS 97/25	Vurdering av hefte : Kraft i Vanylven	20/1071
RS 98/25	Innspel til skulestruktur_Åheim bygdeutvikling	19/10085
PS 119/25	2.tertialrapport 2025	24/2497
PS 120/25	Endringsforslag - Økonomiplan 2026-2029 med budsjett for 2026	25/766
PS 121/25	VAR-området avgiftsberegning 2026	19/12558
PS 122/25	Invitasjon til deltaking i prosess for kommunesamanslåing	25/941
PS 123/25	Debattheftet 2026	25/1069
PS 124/25	Utbytte frå Vanylven Eigedom AS- politisk handsaming	24/1159
PS 125/25	Digitaliseringsstrategi - Vanylven kommune 2025-2029 - rullering	23/1419
PS 126/25	Forvaltningsplan for hjort Vanylven kommune 2025 - 2030	25/247
PS 127/25	Statusrapport - Planstrategi for kommunestyreperioden 2024-2027	23/2577
PS 128/25	Garanti for lån i kommunalt selskap	25/1205
PS 129/25	Leiing og styring - Revisjon av kommunedirektøren sitt styringsdokument - 2025	23/1566
PS 130/25	Søknad om kommunal garanti, garasje Almklovsætra, Åheim IL	25/1133
PS 131/25	Revisjon av beredskapsplan 2026	25/1188
PS 132/25	Ny avtale for sambruk - Syvde samfunnshus	21/119

PS 133/25	Ny samarbeidsavtale for Sunnmøre regionråd - IPR som eige rettssubjekt	19/12243
PS 134/25	Busetting av flyktningar i 2026	21/626
PS 135/25	Promenaden Sameige - kjøp av leiligheter	25/1071
PS 136/25	Revidering av retningslinjer for tildeling av helse- og omsorgstenester i Vanylven kommune	22/480
PS 137/25	Turistfiske - tid for nytenking	25/1199
PS 138/25	Frank Robert Sande - søknad om fritak frå politiske verv	25/1113
PS 139/25	Kommunestyret - møteplan 2026	23/2141
PS 140/25	Utviding av gravplass Åheim 2025	19/10165

PS 113/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Behandling:

PS 114/25 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen vart godkjent.

Behandling:

PS 115/25 Open talarstol

Vedtak:

Behandling:

Anita Munck heldt ein appell vedk. saka om felles ungdomsskule. Meinte at denne saka ikkje vert oppfatta bra ute blant folk Var redd for at ein planlegg 1-10 skule. Meinte at ein ikkje treng ein ny ungdomsskule Bad om at prosessen vart stogga.

Øyvind Bakke hadde også eit innlegg mot felles ungdomsskule på Fiskå. Også han frykta at ein teke sikte på ein 1-10 skule. Oppmoda om at ein stoggar arbeidet med felles ungdomsskule.

PS 116/25 Spørjetime

Vedtak:

Behandling:

Uteområde Myklebust skule, foreslått av Lene Christine Drabløs Strand, Venstre
Viser til sak 76/25 og lurer på kor langt vi er komne her? Har det vorte søkt om spelemidlar? Har vi fått prosjektet inn i plan for idrett og kultur? Har vi sett av naudsynte midlar i budsjettet for 2026? Uteområde Myklebust skule

Vedtak:

Kommunestyret er positiv til oppgradering av uteområdet på Myklebust. Grunna den økonomiske situasjonen i kommunen må administrasjonen jobbe med å få gjennomført prosjektet på mest mogleg økonomisk vis, med tanke på å få prosjektet inn i plan for idrett og kultur, evt. dele prosjektet opp i fleire mindre prosjekt, og søkje spelemidlar i løpet av 2025. Kommunen må sette av naudsynte midlar i budsjettet for 2026.

Felles ungdomsskule, foreslått av Lene Christine Drabløs Strand, Venstre
Vanylven kommune har dette året stått i fare for å hamne på ROBEK. Berre gjennom omfattande innsparingstiltak og omstillingsplanar – som har gått hardt ut over tenestene og brukarane våre - klarer vi akkurat å levere eit budsjett i balanse. Det økonomiske handlingsrommet er framleis svært lite. Å binde kommunen til eit stort og usikkert investeringsprosjekt akkurat no kan vere økonomisk uforsvarleg.

Planane som er blitt lagt fram til no har utvikla seg i ei retning som er langt utanfor det som politikarar, lærarar, føresette og elevar ønskte for ein ny ungdomsskule. Prosessen og resultatet av den ber preg av lite involvering og reel påverknad frå både fagmiljø og brukarar. Resultatet som vi har fått presentert inneber i praksis ei utbygging av Fiskå skule – ein barneskule som nyleg vart oppgradert for fleire millionar kroner. Samstundes som eit kommunalt bygg frå år 2000 står i fare for å bli ståande tomt, trass at vi til stadigheit snakkar om at skular skal ha ei levetid på 60 år. Eg stiller spørsmål rundt berekrafta av dette.

Ein skal heller ikkje gløyme at barneskulane som står igjen på Åheim og i Syvde framleis vil krevje vedlikehald og utbetringar. Kommunen har dei seinare åra knapt hatt midlar til nødvendig vedlikehald her, medan Fiskå skule allereie har vore prioritert med store investeringar. I Hurdal fekk vi lagt fram at Vanylven kommune sparar svært lite ved å slå saman ungdomsstega. Dette prosjektet gir minimale driftsinnsparingar, men svært store investeringskostnader – på ein skule som nyleg har fått store investeringar og som allereie held god standard.

Venstre har fått med seg over 1/3 av kommunestyret som vil fremje forslag om at vi set planlegginga av ny ungdomsskule på pause og at vi tek saka om ny felles ungdomsskule opp til ny behandling. Vi meiner dette er nødvendig for å kunne ta eit steg tilbake og vurdere alternative løysingar utan å vere låste til gamle vedtak. Situasjonen i kommunen – spesielt økonomisk – har endra seg veldig sidan vedtaket vart gjort.

Så til spørsmåla:

- Har kommunen gjort ei oppdatert risikovurdering av investeringsprosjektet sett i lys av dagens økonomiske situasjon?
- Korleis vurderer kommunen berekrafta i å bygge ut ein skule som nyleg er oppgradert, medan eit relativt nytt bygg står i fare for å stå tomt?
- Korleis har administrasjonen sikra reell medverknad frå fagmiljø og brukarar i prosessen?

- Vedtaket seier ““Vanylven kommune startar planlegging av ein ny og moderne ungdomsskule på Fiskå”. Begge vedtaka som gjeld felles ungdomsskule nyttar omgrepet ”ungdomsskule”. Burde ikkje administrasjonen ha sendt saka tilbake til kommunestyret då planane byrja å utvikle seg mot ein 1–10-skule og utbygging av Fiskå skule?

Nytt ungdomsskulebygg, foreslått av Njål Sivertstøl, Arbeidarpartiet

I vedtak frå 17.06.2024 går kommunestyret inn for bygging av ny felles ungdomsskule på Fiskå. På kommunestyremøtet 27.10 i år vart det i samband med omstillingsplanen diskutert om det skulle takast med eit punkt der ein går for utgreiing av 1-10 skule. Dette punktet vart samstemmig fjerna frå omstillingsplanen. Skissene vi til no har blitt viste, ser likevel ut til å syne ulike variantar der nybygde Fiskå barneskule blir ombygd til ein 1-10 skule.

For Vanylven Arbeidarparti er det uaktuelt å vere med på eit eventuelt forslag om å sette saka på pause og få den opp til ny vurdering. Skulle eit slik framlegg kome, vil vi derimot sette fram eit forslag om at kommunestyret før endeleg vedtak skal gjerast også blir presenterte med eit alternativ med eit frittstående nytt ungdomsskulebygg på Fiskå.

Spørsmålet blir dermed: Blir det jobba med eit alternativ med eit frittstående ungdomsskulebygg på Fiskå?

Vedlikehald av Gamlevegen – Rusta, foreslått av Magne Johnny Sætre, Industri- og Næringspartiet
Ordførar,

I juni valde fleirtalet i kommunestyret å utsetje saka om Gamlevegen i påvente av ny fagleg utgreiing. Det er no gått **seks månader**, og vegen ligg framleis i same dårlege stand.

Dette er ikkje ei komplisert sak.
Det er heilt ordinært kommunalt vegvedlikehald.

Gamlevegen på den aktuelle strekninger har hol, setningar og nedsliten asfalt, og vert brukt av både buss og landbruk. Vidare lapping er ikkje ansvarleg drift.

Difor har eg sjølv laga ei enkel, men fagleg forsvarleg utgreiing, basert på vanleg kommunal praksis. Oppmåling er gjort i Norgeskart, med klare målepunkt i overgang mellom ny og gamal asfalt.

– **Strekning 1:** frå *Aksel Inge Berge* / *Åge Rusten* t
– Punkt A: **N 6 921 569,97 / Ø 9 714,97**
– Punkt B: **N 6 921 590,96 / Ø 10 248,55**

– **Strekning 2:** frå *like etter Per Ivar Riste* til *Halgeir Fiskå*
– Punkt A: **N 6 921 551,62 / Ø 10 796,37**
– Punkt B: **N 6 921 359,68 / Ø 11 950,52**

Resultatet er heilt tydeleg:

- om lag **6 800 kvadratmeter** nytt dekke
- Det er tale om om lag **1 700 meter veg**, med 4 meters breidde og 7 cm asfalt, dimensjonert for tung trafikk.
- ca. **1 250 tonn asfalt**
- skutelast som gir best økonomi

Jf. Statens vegvesen Håndbok N200 er 5 cm asfalt å rekne som slitelag, medan 7 cm fungerer som forsterkande dekke på vegar med tung trafikk.

Dette gir ei investeringsramme på ca en **1,8 millionar kroner ekskl. mva**, ført som investering med **10 års avskrivning**. Den årlege belastninga er rundt **370 000 kroner**, pluss renter.

Eg vil minne fleirtalet om dette:

Hadde saka vore handsama på nytt i august eller september, kunne vegen vore asfaltert før vinteren. Då hadde belastninga på drift i 2025 vore minimal.

Å stemme for utsetjing i ei slik sak er eit politisk val. Det valet inneber vidare forfall og høgare kostnader – ikkje sparing.

Eg ønskjer difor at tiltaket vert **innarbeidd i budsjettet for 2026**.

Spørsmål om framdrift, foreslått av Kristian Ernie Bentsen, Industri- og Næringspartiet

Eg vil ta opp tre konkrete saker frå Syvde:

1. Samfunnshuset/gymsalen i Syvde

Kva er status for varme- og ventilasjonsanlegget? Det har over tid vore utfordringar med inn klima og temperatur, særleg i brukstida for skule og lag/organisasjonar. Er det planlagt tiltak, og eventuelt når?

2. Gamlevegen på Løset

Vedlikehaldet er no i så dårleg stand at det knapt er asfalt att fleire stader. Kva planar har kommunen for utbetring eller reasfaltering av denne strekninga?

3. Rekkverket på brua over Vikelva

Rekkverket er tydeleg rusta og framstår som lite trygt. Er dette vurdert med tanke på trafikktryggleik, og når kan ein forvente utbetring?

Eg ønskjer ei oppdatering på status og vidare framdrift i desse sakene.

Prøveavstemning. Om å avvikle renovasjons kjøringa i egen regi i Vanylven. , foreslått av Nils Olav Moen, Industri- og Næringspartiet

Etter sist møte i kommunestyret vart det i etterkant av sjølve avstemminga, litt tvil om alle hadde forstått hva enkelte stemte for og imot under avstemningen.

Derfor vart det én prøveavstemning i etterkant i formannskapet. Der flertallet vart som i Kommunestyret, ja til å legge ned kjøringa i kommunal regi.

Ordfører ba meg ta saka opp og i dagens kommunestyremøte. For at ikke blir noe tvil i etterkant om alle stemte rett i kommunestyret.

Renovsjonskjøring Anbud vs Egenregi, foreslått av Vidar Solheim, Venstre

I lys av vedtak om avvikle renovasjonskjøring i egenregi. Før dette kan gjennomførast må ny ordning på plass og kjøringa må ut på anbud.

Sjølv om det er gjort vedtak om å avvikle drift i kommunal regi må jo dette vurderast opp mot prisen i anbudet og om dette vert vesentleg dyrare.

Vert anbud lyst ut med atterhald om politisk godkjenning og kjem attende til handsaming Kommunestyret før ev. tilbod vert akseptert og signert?

Uteområde Myklebust skule:

Kommunalsjef Karoline Lundås opplyste dette ikkje er teke i handlingsplan for idrett og kultur? Treng løyving i dagens kommunestyremøte.

Felles ungdomsskule:

Kommunedirektøren opplyste at administrasjonen gjennomfører kommunestyrets vedtak: Planlegg felles ungdomsskule på Fiskå. Kostnad vil ligge føre i januar 2026. Orientering i formannskapet i januar og kommunestyret i februar.

Nytt ungdomsskulebygg:

Kommunedirektøren opplyste at ein vil legge fram 3 alternativ - frittstående ungdomsskulebygg.

Vedlikehald av Gamlevegen – Rusta:

Kommunalsjef Karoline Lundås opplyste at vedlikehaldsplan er under arbeid. Dette arbeidet vert prioritert.

Spørsmål om framdrift:

Kommunalsjef Karoline Lundås svarde på spørsmåla.

1. Samfunnshuset/gymsalen i Syvde
Varme- og ventilasjonsanlegget er no i orden.

2. Gamlevegen på Løset
Viste til til vedlikehaldsplan som er under arbeid.

3. Rekkverket på brua over Vikelva
Det er ikkje nokon umiddelbar fare. Vil skifte ut delar av rekkverket før sommaren 2026

Prøveavstemning. Om å avvikle renovasjonskøyringa i egen regi i Vanylven**Renovasjonskøyring anbod vs eigenregi:**

Ordføraren viste til at i ordførarmøte i "Sjustjerna" vart det opplyst at ein drøftar samanslåing av renovasjonsselskapa VØR og SSR, kanskje også med Årim. Det er ynskje om at Vanylven også skal vere med i denne diskusjonen.
Det vil bli lagt fram ei sak på nyåret om renovasjon.

PS 117/25 Orienteringar**Vedtak:****Behandling:**

Ingen orienteringar.

PS 118/25 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
85/25	Endringer i lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) – ikrafttredelse 1.januar 2026
86/25	For oppmelding som referatsak til kommunestyret: Møteprotokoll - Vanylven kontrollutval - 14.11.2025
87/25	Høyring - endring i stykkprisforskrifta og salærforskrifta (stykkpriser i nye sakstyper etter rettshjelpsloven mv.)
88/25	Høyring - endringer i arbeids- og velferdsforvaltningslova om behandlingsansvar i arbeids- og velferdsforvaltning
89/25	Høyring - forslag til ny postlov
90/25	Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning
91/25	Høyring av forslag til ny lov om justering av karbonpris ved import av varer til EØS (CBAM-loven)
92/25	Høyring av fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030
93/25	Høyringssvar til Samferdseldepartementet - Utredning av statens kjøp av regionale flyruter i Sør- Norge
94/25	Høyringsuttalelse - redusert nedre grense i grunnrenteskatten og naturressursskatten for vannkraft
95/25	Informasjon: brev til regjeringa om kompensasjon for Vanylven etter Stad skipstunnel
96/25	Spørsmål om fyrverkeri
97/25	Vurdering av hefte : Kraft i Vanylven
98/25	Innspel til skulestruktur_Åheim bygdeutvikling

Vedtak:

Behandling:

Viser til referatsakene RS 85/25 - 98/25.

RS 85/25 Endringer i lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) – ikrafttredelse 1.januar 2026

Vedtak:

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 13.11.2025 frå Helsedirektoratet: Endringer i lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) – ikrafttredelse 1.januar 2026

RS 86/25 For oppmelding som referatsak til kommunestyret: Møteprotokoll - Vanylven kontrollutval - 14.11.2025

Vedtak:

Møteprotokollen vart teken til vitande.

Behandling:

Møteprotokoll Vanylven kontrollutval 14.11.2025

RS 87/25 Høyring - endring i stykkprisforskrifta og salærforskrifta (stykkpriser i nye sakstyper etter rettshjelpsloven mv.)

Vedtak:

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 03.11.2025 frå Justis- og beredskapsdepartementet: Høyring - endring i stykkprisforskrifta og salærforskrifta (stykkprisar i nye sakstyper etter rettshjelpsloven mv.)

RS 88/25 Høyring - endringar i arbeids- og velferdsforvaltningslova om behandlingsansvar i arbeids- og velferdsforvaltning

Vedtak:

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 11.11.2025 frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet: Høyring - endringer i arbeids- og velferdsforvaltningsloven om behandlingsansvar i arbeids- og velferdsforvaltningen

RS 89/25 Høyring - forslag til ny postlov

Vedtak:

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 07.11.2025 frå Samferdselsdepartementet: Høyring – forslag til ny postlov

RS 90/25 Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning**Vedtak:**

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 06.11.2025 frå Møre og Romsdal fylkeskommune: Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning.

RS 91/25 Høyring av forslag til ny lov om justering av karbonpris ved import av varer til EØS (CBAM-loven)**Vedtak:**

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 24.10.2025 frå Klima- og miljødepartementet: Høyring av forslag til ny lov om justering av karbonpris ved import av varer til EØS (CBAM-loven)

RS 92/25 Høyring av fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030**Vedtak:**

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 01.12.2025 frå Møre og Romsdal fylkeskommune: Høyring av fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 Møre og Romsdal fylkeskommune

RS 93/25 Høyringsvar til Samferdseldepartementet - Utredning av statens kjøp av regionale flyruter i Sør- Norge

Vedtak:

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 12.11.25 frå Arbeidsgruppe på vegne av kommunene på søre Sunnmøre, akademia og næringslivet i regionen: Høyringsvar til - Utredning av statens kjøp av regionale flyruter i Sør-Norge.

Ordføraren opplyste at kommunen har sendt inn høyringssvar. Slutta seg tilhøyringssvaret frå Volda og Ørsta.

RS 94/25 Høyringsuttalelse - redusert nedre grense i grunnrenteskatten og naturressursskatten for vannkraft

Vedtak:

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 24.11.025 frå Landssamanslutninga av vasskraftkommunar: Høyringsuttalelse - redusert nedre grense i grunnrenteskatten og naturressursskatten for vannkraft.

Ordføraren opplyste at kommunen har sendt inn høyringssvar. Sluttar seg til høyringssvaret frå LVK.

RS 95/25 Informasjon: brev til regjeringa om kompensasjon for Vanylven etter Stad skipstunnel

Vedtak:

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 10.10.2025 frå Magne Johnny Sætre: Brev til regjeringa om kompensasjon for Vanylven etter Stad skipstunnel.

RS 96/25 Spørsmål om fyrverkeri

Vedtak:

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 19.11.2024 frå NOAH - for dyrs rettigheter: Spørsmål om fyrverkeri.

RS 97/25 Vurdering av hefte : Kraft i Vanylven

Vedtak:

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 16.10.2025 frå Johan Endal Duestøl: Vurdering av hefte: Kraft i Vanylven.

RS 98/25 Innspel til skulestruktur - Åheim bygdeutvikling

Vedtak:

Skrivet vart teke til vitande.

Behandling:

Skriv av 13.11.2025 frå Åheim Bygdeutvikling: Innspel til skulestruktur.

PS 119/25 2.tertialrapport 2025

Vedtak:

1.Kommunestyre godkjenner 2.tertialrapport.

2.Kommunestyret vedtek følgjande budsjettendringar for driftsbudsjettet:

Budsjettendringar driftsbudsjettet			
Meirutgifter	Konto	Beløp	Sum
Pensjon	10900		3 900 000,00
Tenestekjøp	13508	3010	1 600 000,00
Rettsforlik	14700	3020	1 800 000,00
Rettsforlik	14700	2009	525 000,00
Tilskot, feil ført teknisk	17000	4020	400 000,00
			8 225 000,00
Meirinntekter			
Rammetilskot	18000	6080	-1 630 000,00
Inntektsutjamning	18001	6080	-62 000,00
Auka skatteinntekt	18700	6080	-900 000,00
Avsetting til disp fond	15400	6088	-884 000,00
Mindreforbruk/meirinntekt flyktning	18100	3035/6080	-4 749 000,00
			-8 225 000,00
Budsjettendring driftsbudsjettet - justering av avskrivningar			
Stab og fellestjenste	15900		2 029 209,00
Kultur og oppvekst	15900		545 829,00
Helse og omsorg	15900		1 244 595,00
Teknisk sektor	14900		12 850 512,00
			16 670 145,00
Finans	19900		-16 670 145,00

3. Kommunestyret vedtek følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Investeringar			
Restfinansiering Fiskå skule			8 352 955,00
Finansiering av datautstyr/datautvikling			2 000 000,00
			10 352 955,00
Investeringa blir finansiert ved låneopptak			10 352 955,00

4. Kommunestyre vedtek følgjande avrekning knytt til investeringar i 2025, som er eit alternativ til å reelt låne midlane:

Investeringar vedteke k-styret 15. desember 2015		10 352 955,00
Investeringar vedteke k-styret 15. september 2025		9 290 000,00
Vedteke investeringar i 2025		19 642 955,00
Minimumsavdrag 2024		9 830 074,00
Minimumsavdrag 2025		12 686 400,00
Minimumsavdrag for innbetaling		22 516 474,00
Restavdrag for innbetaling		2 873 519,00

Retting: Investeringar vedteke i k-styret 15. desember **2025**.

Behandling:

Kommunedirektøren orienterte og svarte på spørsmål.

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

1.Kommunestyre godkjenner 2.tertialrapport.

2.Kommunestyret vedtek følgjande budsjettendringar for driftsbudsjettet:

Budsjettendringar driftsbudsjettet			
Meirutgifter	Konto	Beløp	Sum
Pensjon	10900		3 900 000,00
Tenestekjøp	13508	3010	1 600 000,00
Rettsforlik	14700	3020	1 800 000,00
Rettsforlik	14700	2009	525 000,00
Tilskot, feil ført teknisk	17000	4020	400 000,00
			8 225 000,00
Meirinntekter			
Rammetilskot	18000	6080	-1 630 000,00
Inntektsutjamning	18001	6080	-62 000,00
Auka skatteinntekt	18700	6080	-900 000,00
Avsetting til disp fond	15400	6088	-884 000,00
Mindreforbruk/meirinntekt flyktning	18100	3035/6080	-4 749 000,00
			-8 225 000,00
Budsjettendring driftsbudsjettet - justering av avskrivningar			
Stab og fellestjenste	15900		2 029 209,00
Kultur og oppvekst	15900		545 829,00
Helse og omsorg	15900		1 244 595,00
Teknisk sektor	14900		12 850 512,00
			16 670 145,00
Finans	19900		-16 670 145,00

3. Kommunestyret vedtek følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Investeringer			
Restfinansiering Fiskå skule			8 352 955,00
Finansiering av datautstyr/datautvikling			2 000 000,00
			10 352 955,00
Investeringa blir finansiert ved låneopptak			
			10 352 955,00

4.Kommunestyre vedtek følgjande avrekning knytt til investeringar i 2025, som er eit alternativ til å reelt låne midlane:

Investeringar vedteke k-styret 15. desember 2015		10 352 955,00
Investeringar vedteke k-styret 15. september 2025		9 290 000,00
Vedteke investeringar i 2025		19 642 955,00
Minimumsavdrag 2024		9 830 074,00
Minimumsavdrag 2025		12 686 400,00
Minimumsavdrag for innbetaling		22 516 474,00
Restavdrag for innbetaling		2 873 519,00

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 168/25

Formannskapet tilrår:

1.Kommunestyre godkjenner 2.tertialrapport.

2.Kommunestyret vedtek følgjande budsjettendringar for driftsbudsjettet:

Budsjettendringar driftsbudsjettet			
Meirutgifter	Konto	Beløp	Sum
Pensjon	10900		3 900 000,00
Tenestekjøp	13508	3010	1 600 000,00
Rettsforlik	14700	3020	1 800 000,00
Rettsforlik	14700	2009	525 000,00
Tilskot, feil ført teknisk	17000	4020	400 000,00
			8 225 000,00
Meirinntekter			
Rammetilskot	18000	6080	-1 630 000,00
Inntektsutjamning	18001	6080	-62 000,00
Auka skatteinntekt	18700	6080	-900 000,00
Avsetting til disp fond	15400	6088	-884 000,00
Mindreforbruk/meirinntekt flyktning	18100	3035/6080	-4 749 000,00
			-8 225 000,00
Budsjettendring driftsbudsjettet - justering av avskrivningar			
Stab og fellestjenste	15900		2 029 209,00
Kultur og oppvekst	15900		545 829,00
Helse og omsorg	15900		1 244 595,00
Teknisk sektor	14900		12 850 512,00
			16 670 145,00
Finans	19900		-16 670 145,00

3. Kommunestyret vedtek følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Investeringer			
Restfinansiering Fiskå skule			8 352 955,00
Finansiering av datautstyr/datautvikling			2 000 000,00
			10 352 955,00
Investeringa blir finansiert ved låneopptak			10 352 955,00

4. Kommunestyre vedtek følgjande avrekning knytt til investeringar i 2025, som er eit alternativ til å reelt låne midlane:

Investeringar vedteke k-styret 15. desember 2015			10 352 955,00
Investeringar vedteke k-styret 15. september 2025			9 290 000,00
Vedteke investeringar i 2025			19 642 955,00
Minimumsavdrag 2024			9 830 074,00
Minimumsavdrag 2025			12 686 400,00
Minimumsavdrag for innbetaling			22 516 474,00
Restavdrag for innbetaling			2 873 519,00

Retting: Investeringar vedteke i k-styret 15. desember **2025**.

PS 120/25 Endringsforslag - Økonomiplan 2026-2029 med budsjett for 2026

Vedtak:

Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin investeringsdel, heriblant for investeringsbudsjett 2026, slik som framgår av oppstillinga løyvingsoversikt investering etter § 5-5, 1. ledd vist i framlagte budsjettdokument frå kommunedirektøren.

Løyvingane til dei einssilde investeringsprosjekta vert fastsett slik som framgår av løyvingsoversikt Investeringar i varige driftsmiddel, løyvingsoversikt Tilskot til andre sine investeringar og løyvingsoversikt Investeringar i aksjar og andelar, alle etter § 5-5, 2. ledd.

Kommunestyret vedtek ei låneramme på 24.550.000 kr til finansiering av investeringsprosjekt i 2026, og med 30 år som nedbetalingstid for låneopptaket. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.

Kommunestyret vedtek dessutan låneopptak for inntil 25.000.000 kr til Startlån i 2026.

1. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin driftsdel, heriblant for driftsbudsjett 2026, slik som framgår av oppstillinga løyvingsoversikt drift etter § 5-4, 1. ledd vist i framlagte budsjettdokument frå kommunedirektøren.

Løyvingane i form av nettoramme til dei einssilde budsjettområda, vert fastsett slik som framgår av oversikten etter § 5-4, 2. ledd.

1. Skatt på inntekt og formue for forskotspliktige skattyttarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.

Byggesaksgebyra vert justert i samsvar KPI, gjeldande frå 1.jan. 2026.

Endring i økonomireglement punkt 2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker:

2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker

Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet med ei nettoløyving til det enkelte rammeområde. I tillegg gjer kommunestyret vedtak på kontonivå for områda

- reserver til disposisjon
- frie inntekter (skatt, rammetilskot og liknande)
- samla avskrivning og kalkulatoriske renter
- finansielle konti (renter og avdrag) der spesifikasjonen på konti ligg i tekstdelen
- overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
- bruk og avsetning til ikkje-sektorrelaterte fonds og tidlegare års resultat

Det er kommunedirektøren som gjennom året gjer vedtak som endrar det enkelte rammeområde si nettoløyving. Kommunestyret skal få seg førelagt ei referatsak om budsjettendringar dersom det gjennomførast rammeoverføringar på meir enn kr 500 000.

Endring investering:

- Parkering Fiskå Gravplass kr 700.000,-.
- Hjulmaskin kr 0,-
- Legge fram sak våren 2026 der ein vurderer bytte av traktor.
- Endre tekst i linje 13 Stad skipstunnel - Dette gjeld ikkje sjøledning.

*Legge inn 500 000 til uteområde Myklebust skule - det blir også lagt inn i delrulleringa for handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Verbalframlegg:

[Ordninga med sommar SFO vert forsøkt gjeninnført.](#)

[Moglegheit for å få til midlar øyremerka til aktivitetar/materiell/utstyr for bebuarar på omsorgssenteret og på Syvdetun.](#)

Kommunestyret ber om at administrasjonen vurderer insentiv for skatte-/avgiftsreduksjon/tilskot for yrkesaktive som får fleire enn 2 barn

Kommunestyret ber om at administrasjonen har ei positiv innstilling til søknader om private tomter i alle bygdelag

- Byggesteg 2 Kvia, Syvde.
- Lydplater gymsal Åheim - Treng lydplater i gymsalen på Åheim skule. Har særdeles høg gjenklang, uttalar sakshandsamar i Miljøretta helsevern.
- Fornyng av teknisk utstyr i kommunen bør inn i langtidsplan.

LØYVINGSOVERSIKT INVESTERING ETTER § 5-5, 2. LEDD	2026	2027	2028	2029
1 IKT-utstyr	500 000	500 000	500 000	500 000
2 Pasientvarslingsanlegg	3 125 000	0	0	0
3 Bilar til heimeutenesta	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
4 Utsikta - pauserom	250 000	0	0	0
5 Myklebust - inneklima	375 000	2 250 000	0	0
6 Ymse vegutbetringar	6 250 000	3 125 000	0	0
7 Låsesystem	0	500 000	0	500 000
8 Fiskå skule - ungdomsskule	2 500 000	62 500 000	0	0
9 Stad skipstunnel	312 500	312 500	312 500	312 500
10 Mobilmast BekstetRota	1 125 000	0	0	0
11 Hjulmaskin	0	0	0	0
11a Parkering Fiskå gravplass	875 000	0	0	0
11b Uteområde på Myklebust skule	500 000	0	0	0
12 Vatn - Eidså	1 550 000	0	0	0
13 Avløp - Eidså	1 550 000	0	0	0
14 Overvatn - Lendalen	350 000	350 000	0	0
15 Silanlegg - Fiskå	200 000	0	0	0
16 SD-anlegg	500 000	500 000	500 000	500 000
17 Rehab. hovudinntak vatn	950 000	0	0	0
18 Sjøleidning Kjøde	6 000 000	0	0	0
Sum løyving til investeringar i varige driftsmiddel:	27 912 500	71 037 500	2 312 500	2 812 500
LØYVINGSOVERSIKT INVESTERING ETTER § 5-5, 2. LEDD	2026	2027	2028	2029
1 Kyrkjeleg fellesråd				
Sum løyving som tilskot til andre sine investeringar:				
LØYVINGSOVERSIKT INVESTERING ETTER § 5-5, 2. LEDD	2026	2027	2028	2029
1 Eigenkapitaltilskot KLP	1 015 000	1 015 000	1 015 000	1 015 000
Sum løyving til investeringar i aksjar og andelar:	1 015 000	1 015 000	1 015 000	1 015 000

Behandling:

Budsjett 2026 - alternativ, foreslått av Elisabet Lauvstad Haugen, Framstegspartiet
For budsjett 2026 foreslår Vanylven FrP drifts- og investeringsbudsjett som framlagt av kommunedirektøren med slike endringar:

1. **Ordninga med sommar SFO vert gjeninnført. Dekkast inn innanfor eksisterande rammer og med auke i eigenbetaling til kr 800,- pr veke**
2. **Det settast av ein pott a kr 50 000,- øyremarka til aktivitetar/materiell/utstyr for bebuarar på omsorgssenteret og på Syvdetun. Dekkast inn av omprioritering av midlar innanfor eksisterande rammer**

Verbalframlegg

1. **Kommunestyret ber om at administrasjonen vurderer insentiv for skatte-/avgiftsreduksjon/tilskot for yrkesaktive som får fleire enn 2 barn**
2. **Kommunestyret ber om at administrasjonen har ei positiv innstilling til søknader om private tomter i alle bygdelag**

Endringsforslag, foreslått av Lene Christine Drabløs Strand, Venstre

Legge inn 500 000 til uteområde Myklebust skule - det blir også lagt inn i delrulleringa for handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Finansiering: hjulmaskin.

Verbalforslag:

- Byggesteg 2 Kvía, Syvde
- Lydplater gymsal Åheim - Treng lydplater i gymsalen på Åheim skule. Har særdeles høg gjenklang, uttalar sakshandsamar i Miljøretta helsevern

Fornyng av teknisk utstyr i kommunen bør inn i langtidsplan.

Kommunedirektøren orienterte og svarde på spørsmål.
Etter framlegg frå ordføraren vart det halde gruppemøte.

Votering:

Det vart først votert over tilrådinga frå formannskapet:

Startlån på kr.25.000.000 til vidare utlån. **Samrøystes vedteke.**

Byggesaksgebyra vert justert i samsvar KPI, gjeldande frå 1.jan. 2026. **Samrøystes vedteke.**

Endring i økonomireglement punkt 2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker:

2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker

Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet med ei nettoløyving til det enkelte rammeområde. I tillegg gjer kommunestyret vedtak på kontonivå for områda

- reserver til disposisjon
- frie inntekter (skatt, rammetilskot og liknande)
- samla avskrivning og kalkulatoriske renter
- finansielle konti (renter og avdrag) der spesifikasjonen på konti ligg i tekstdelen
- overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
- bruk og avsetning til ikkje-sektorrelaterte fonds og tidlegare års resultat

Det er kommunedirektøren som gjennom året gjer vedtak som endrar det enkelte rammeområde si nettoløyving. Kommunestyret skal få seg førelagt ei referatsak om budsjettendringar dersom det gjennomførast rammeoverføringar på meir enn kr 500 000.

Samrøystes vedteke.

Endring investering:

- Parkering Fiskå Gravplass kr 700.000,-. **Samrøystes vedteke.**
- Hjulmaskin kr 0,- **Samrøystes vedteke.**
- Legge fram sak våren 2026 der ein vurderer bytte av traktor. **Samrøystes vedteke.**
- Endre tekst i linje 13 Stad skipstunnel - Dette gjeld ikkje sjøledning. **Samrøystes vedteke.**

Vidare vart det votert over framlegget frå Elisabet Lauvstad Haugen:

Det var semje om at dei to første punkta vert gjort om til verbalframlegg og då vart punkta korta ned og lagt under verbalframlegg:

Ordninga med sommar SFO vert gjeninnført. Dekkast inn innanfor eksisterande rammer og med auke i eigenbetaling til kr 800,- pr veke.

Endra til: Ordninga med sommar SFO vert forsøkt gjeninnført. **Samrøystes vedteke.**

Det settast av ein pott a kr 50 000,- øyremerka til aktivitetar/materiell/utstyr for bebuarar på omsorgssenteret og på Syvdetun. Dekkast inn av omprioritering av midlar innanfor eksisterande rammer.

Endra til: Moglegheit for å få til midlar øyremerka til aktivitetar/materiell/utstyr for bebuarar på omsorgssenteret og på Syvdetun. **Samrøystes vedteke.**

Verbalframlegg

1. Kommunestyret ber om at administrasjonen vurderer insentiv for skatte-/avgiftsreduksjon/tilskot for yrkesaktive som får fleire enn 2 barn. **Samrøystes vedteke**
2. Kommunestyret ber om at administrasjonen har ei positiv innstilling til søknader om private tomter i alle bygdelag. **Samrøystes vedteke.**

Deretter vart det votert over framlegget frå Lene Drabløs Strand:

Legge inn 500 000 til uteområde Myklebust skule - det blir også lagt inn i delrulleringa for handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Samrøystes vedteke.

Verbalforslag:

- Byggesteg 2 Kvia, Syvde. **Samrøystes vedteke.**
- Lydplater gymsal Åheim - Treng lydplater i gymsalen på Åheim skule. Har særdeles høg gjenklang, uttalar sakshandsamar i Miljøretta helsevern. **Samrøystes vedteke.**
- Fornyng av teknisk utstyr i kommunen bør inn i langtidsplan. **Samrøystes vedteke.**

Til slutt vart det fatta eit samrøystes vedtak der låneopptak til investeringar vert på kr. 24.550.000,-.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren si vurdering er at økonomiplan for 2026-2029 med budsjettet for 2026, samt investeringsbudsjett for 2026 blir vedteke med heimel i kommunelova § 14-3, med følgjande endringar:

- Låneopptak til investeringar på kr 26.250.000 - dette er eks.mva.
- Startlån på kr.25.000.000 til vidare utlån.
- Byggesaksgebyra vert justert i samsvar KPI, gjeldande frå 1.jan. 2026.

Endring i økonomireglement punkt 2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker:

2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker

Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet med ei nettoløyving til det enkelte rammeområde. I tillegg gjer kommunestyret vedtak på kontonivå for områda

- reserver til disposisjon
- frie inntekter (skatt, rammetilskot og liknande)
- samla avskrivning og kalkulatoriske renter
- finansielle konti (renter og avdrag) der spesifikasjonen på konti ligg i tekstdelen
- overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
- bruk og avsetning til ikkje-sektorrelaterte fonds og tidlegare års resultat

Det er kommunedirektøren som gjennom året gjer vedtak som endrar det enkelte rammeområde si nettoløyving. Kommunestyret skal få seg førelagt ei referatsak om budsjettendringar dersom det gjennomførast rammeoverføringar på meir enn kr 500 000.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 169/25

Formannskapet tilrår:

Økonomiplan for 2026-2029 med budsjettet for 2026, samt investeringsbudsjett for 2026 blir vedteke med heimel i kommunelova § 14-3, med følgjande endringar:

- Låneopptak til investeringar på kr 24.450.000 - dette er eks.mva.
- Startlån på kr.25.000.000 til vidare utlån.
- Byggesaksgebyra vert justert i samsvar KPI, gjeldande frå 1.jan. 2026.

Endring i økonomireglement punkt 2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker:

2.3 Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker

Kommunestyret vedtek driftsbudsjettet med ei nettoløyving til det enkelte rammeområde. I tillegg gjer kommunestyret vedtak på kontonivå for områda

- reserver til disposisjon
- frie inntekter (skatt, rammetilskot og liknande)
- samla avskrivning og kalkulatoriske renter

- finansielle konti (renter og avdrag) der spesifikasjonen på konti ligg i tekstdelen
- overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
- bruk og avsetning til ikkje-sektorrelaterte fonds og tidlegare års resultat

Det er kommunedirektøren som gjennom året gjer vedtak som endrar det enkelte rammeområde si nettoløying. Kommunestyret skal få seg førelagt ei referatsak om budsjettendringar dersom det gjennomførast rammeoverføringar på meir enn kr 500 000.

Endring investering:

- Parkering Fiskå Gravplass kr 700.000,-
- Hjulmaskin kr 0,-
- Legge fram sak våren 2026 der ein vurderer bytte av traktor.
- Endre tekst i linje 13 Stad skipstunnel - Dette gjeld ikkje sjøledning.

PS 121/25 VAR-området avgiftsberegning 2026

Vedtak:

Kommunale betalingssatsar for sjølvkostområda i 2026 blir justert i samsvar med oppsettet frå Momentum:

1. Gebyrinntekter for Vatn vert heva 7 % i høve til 2025.
2. Gebyrinntekter for Avløp vert auka med 6 % i høve til 2025.
3. Gebyrinntekter for Renovasjon vert senka med - 10 % i høve til 2025.
4. Gebyrinntekter for Slamtøming vert heva 5,0% i høve til 2025.
5. Gebyrinntekter for Feiing vert uendra i høve til 2025
6. Tilknytingsavgift for Vatn vert sett til 7 250 kr/tilknytning (inkl. mva) som er ei auke på 1000 kr frå 2025, og er fast for alle bygningar. Gebyret her er uendra i fleire år.
7. Tilknytingsavgift for Avløp vert sett til 7 250 kr/ tilknytning (inkl. mva) som er ei auke på 1000 kr frå 2025, og er fast for alle bygningar. Gebyret her er uendra i fleire år.

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunale betalingssatsar for sjølvkostområda i 2026 blir justert i samsvar med oppsettet frå Momentum:

1. Gebyrinntekter for Vatn vert heva 7 % i høve til 2025.
2. Gebyrinntekter for Avløp vert auka med 6 % i høve til 2025.
3. Gebyrinntekter for Renovasjon vert senka med - 10 % i høve til 2025.
4. Gebyrinntekter for Slamtøming vert heva 5,0% i høve til 2025.
5. Gebyrinntekter for Feiing vert uendra i høve til 2025
6. Tilknytingsavgift for Vatn vert sett til 7 250 kr/tilknytning (inkl. mva) som er ei auke på 1000 kr frå 2025, og er fast for alle bygningar. Gebyret her er uendra i fleire år.

7. Tilknytingsavgift for Avløp vert sett til 7 250 kr/ tilknyting (inkl. mva) som er ei auke på 1000 kr frå 2025, og er fast for alle bygningar. Gebyret her er uendra i fleire år.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 179/25

Formannskapet tilrår:

Kommunale betalingssatsar for sjølvkostområda i 2026 blir justert i samsvar med oppsettet frå Momentum:

1. Gebyrinntekter for Vatn vert heva 7 % i høve til 2025.
2. Gebyrinntekter for Avløp vert auka med 6 % i høve til 2025.
3. Gebyrinntekter for Renovasjon vert senka med - 10 % i høve til 2025.
4. Gebyrinntekter for Slamtøming vert heva 5,0% i høve til 2025.
5. Gebyrinntekter for Feiing vert uendra i høve til 2025
6. Tilknytingsavgift for Vatn vert sett til 7 250 kr/tilknyting (inkl. mva) som er ei auke på 1000 kr frå 2025, og er fast for alle bygningar. Gebyret her er uendra i fleire år.
7. Tilknytingsavgift for Avløp vert sett til 7 250 kr/ tilknyting (inkl. mva) som er ei auke på 1000 kr frå 2025, og er fast for alle bygningar. Gebyret her er uendra i fleire år.

PS 122/25 Invitasjon til deltaking i prosess for kommunesamanslåing

Vedtak:

Vanylven kommunestyre takkar nei til invitasjonen frå Herøy kommune, og vil ikkje ta del i vidare arbeid og prosess med sikte på kommunesamanslåing slik det går fram av saka.

Behandling:

Vanylven kommune takkar nei til invitasjon om prosess for kommunesamanslåing, foreslått av Njål Sivertstøl, Arbeidarpartiet

Vanylven kommunestyre takkar nei til invitasjonen frå Herøy kommune, og vil ikkje ta del i vidare arbeid og prosess med sikte på kommunesamanslåing slik det går fram av saka.

Votering:

11 røyster for framlegget frå Njål Sivertstøl (Ap, Frp, Merete Vatne, Sp, Ingebrigt Berget, Sp, Petter Bondhus, Sp, Karen Birte Bjørlykke, V, Lene Drabløs Strand, V, Vidar Solheim, V.
9 røyster for tilrådinga frå formannskapet (INP, H, Krf, ordførar Paul Sindre Vedeld, Sp, varaordførar Lena Marie Landsverk, V).

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren legg til grunn at dette er ei politisk sak og at det er kommunestyret som må ta stilling til dette.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 11.11.2025 - 157/25

Formannskapet tilrår:

1. Vanylven kommune er tilbakeholdne i høve ny samanslåingsprosess, men er positive til å delta i innleiande samtalar.
2. Ordførar og formannskapsmedlem Nils Olav Moen vert valde til representere Vanylven i ei arbeidsgruppe fram til vi får noko meir konkret å ta stilling til.

PS 123/25 Debattheftet 2026

Vedtak:

Kommunestyret delegerer til Formannskapet å gje høyringssvar i denne saka.

Behandling:

Beredskapsevne, foreslått av Elisabet Lauvstad Haugen, Framstegspartiet

På spørsmål vi må prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevnen - både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet, har FrP følgande tilleggspunkt:

- sørge for backup elektrifisering m.a aggregat batteri til mastene
- sørge for fergeforbindelse med alternativ dieselframdrift, beredskapsferge
- aggregat til institusjonar
- strøm nok til vassverka
- sørge for fortsatt vedfyring som alternativ
- merke/skilte brannhydrantar i tilfelle snø og brøyting
-

Debattheftet - delegert vedtak, foreslått av Lena Marie Landsverk , Venstre
Kommunestyret delegerer til Formannskapet å gje høyringssvar i denne saka.

Berdskapsevne, foreslått av Joar Asle Lille-Rovde , Kristeleg Folkeparti

Sørge for alternativ dieselframdrift på Buss, Ambulanse, Gravemaskiner osv.

Innspel til debattheftet 2026, foreslått av Njål Sivertstøl, Arbeidarpartiet

1. kva må vi gjere i vår kommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?
- Bidra til bygging av sentrumsnære og moderne bustadar

Styrka satsning på velferdsteknologi

2. Korleis kan vi i vår kommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftsressursane som finnast?

- Styrka ansvar, tilrettelegging og oppfølging for tilsette som har redusert arbeidskapasitet

3. Kva må vi prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevnen, både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

- I endå større grad oppmode folk til å kunne ta vare på seg sjølve og sine næraste, dette inkluderar konkrete råd om til dømes å ha eit godt lager av vatn, mat og ved. Dette bør kommuniserast klart og ofte.

- Skogrydding rundt vassverket med tanke på even tuell brann og fellande tre.

- Ytterlegare skogrydding langs linjer og annan infrastruktur.

Framlegget frå varaordførar Lena Marie Landsverk vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune har med bakgrunn i årets debatthefte følgjande refleksjonar i høve:

1. Kva må vi gjere i vår kommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

Korleis kan vi i vår kommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftsressursane som finnst?

2. Kva må vi prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevnen - både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 11.11.2025 - 158/25

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune har med bakgrunn i årets debatthefte følgjande refleksjonar i høve:

Kva må vi gjere i vår kommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?

Konkrete tiltak som er gjennomført:

- ☐ det var etablert ein heimeteneste (2022)
- ☐ det var etablert eit forvaltningskontor (2023)
- ☐ det var etablert vikarbank for omsorgssektoren (2024)
- ☐ det var innført journalsystem som sikra "ein innbyggjar, ein journal" (2024)
- ☐ det var innført årsturns frå desember (2024)
- ☐ det var innført ei avdeling for institusjon (2025)
- ☐ kommunen vil etablere ein felles ungdomsskule (2027)

Korleis kan vi i vår kommune dei neste to åra ta i bruk dei arbeidskraftsressursane som finnst?

Kva må vi prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevnen - både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

Konkrete tiltak som er gjennomført:

- ☐ det er anskaffa satellittelefonar til beredskapsleiing (2013)
- ☐ det er anskaffa jod-tabeletter til alle under 40 år (2023)
- ☐ det er etablert mat og vath for institusjonsbebuarar og heimebuande med behov for matlevering (400 personar i to veker) (2023)
- ☐ kommunen har klimarekneskap for eigen verksemd (2023)
- ☐ det er anskaffa satelitt-internett (2025)
- ☐ kommunen har vedteke ny samfunnsdel av kommuneplan (2025)
- ☐ heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (2025)
- ☐ kommunene vil bli miljøfyrtårnsertifisert (2025)
- ☐ kommunen vil revidere kommunedelplan for klima (2025)
- ☐ kommunen vil revitalisere kommunalt beredskapsråd (2026)
- ☐ kommunen vil sikkerheitsteste kommunen sin digitale infrastruktur (2026)
- ☐ kommunen vil rullere arealdelen til kommuneplanen (2026)

Formannskapet oppfordrar partigruppene fram til kommunestyremøtet å kome med nye tiltak for framtida

PS 124/25 Utbytte frå Vanylven Eigedom AS- politisk handsaming

Vedtak:

Kommunestyret tek ut utbytte på kr. 6 million, og at dette vert teke ut i 2025.

Kommunedirektør får fullmakt til å fordele utbyttet på dei forskjellige sektorane.

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren si tilråding er at vedtak om utbytte frå Vanylven Eigedom AS må handsamast politisk, då dette er eit kommunalt eigd eigedomsselskap, og det er kommunestyret som har slikt mynde. Kommunedirektøren vil råde kommunestyret til å ta ut utbytte på kr. 5 million, og at dette vert teke ut i 2025.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 173/25

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret tek ut utbytte på kr. 6 million, og at dette vert teke ut i 2025.
Kommunedirektør får fullmakt til å fordele utbyttet på dei forskjellige sektorane.

PS 125/25 Digitaliseringsstrategi - Vanylven kommune 2025-2029 - rullering

Vedtak:

IKT-strategi for Vanylven kommune for perioden 2025-2029 vert vedteken etter revisjon med dei endringane som ligg føre i digitaliseringsstrategien, i tillegg til følgjande punkt:

- Det vert etablert eit administrativt digitaliseringsråd
- Kommunedirektøren ynskjer å invitere innbyggjarar til å delta i eit digitalt brukarråd, og legg til grunn at dette vil bli etablert våren 2026.

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

IKT-strategi for Vanylven kommune for perioden 2025-2029 vert vedteken etter revisjon med dei endringane som ligg føre i digitaliseringsstrategien, i tillegg til følgjande punkt:

- Det vert etablert eit administrativt digitaliseringsråd
- Kommunedirektøren ynskjer å invitere innbyggjarar til å delta i eit digitalt brukarråd, og legg til grunn at dette vil bli etablert våren 2026.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 11.11.2025 - 159/25

Formannskapet tilrår:

IKT-strategi for Vanylven kommune for perioden 2025-2029 vert vedteken etter revisjon med dei endringane som ligg føre i digitaliseringsstrategien, i tillegg til følgjande punkt:

- Det vert etablert eit administrativt digitaliseringsråd
- Kommunedirektøren ynskjer å invitere innbyggjarar til å delta i eit digitalt brukarråd, og legg til grunn at dette vil bli etablert våren 2026.

PS 126/25 Forvaltningsplan for hjort Vanylven kommune 2025 - 2030

Vedtak:

Forvaltningsplan for hjort Vanylven kommune 2025 – 2030 vert godkjent med dei merknadane i saksutgreiinga tek til følgje og vert innarbeidd i planen

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Forvaltningsplan for hjort Vanylven kommune 2025 – 2030 vert godkjent med dei merknadane i saksutgreiinga tek til følgje og vert innarbeidd i plana.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 174/25

Formannskapet tilrådd:

Forvaltningsplan for hjort Vanylven kommune 2025 – 2030 vert godkjent med dei merknadane i saksutgreinga tek til følgje og vert innarbeidd i planen

PS 127/25 Statusrapport - Planstrategi for kommunestyreperioden 2024-2027

Vedtak:

Kommunestyret tek status på oppfølging av planstrategien til vitande.

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren si tilråding er at kommunestyret tek status på oppfølging av planstrategien til vitande.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 177/25

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret tek status på oppfølging av planstrategien til vitande.

PS 128/25 Garanti for lån i kommunalt selskap

Vedtak:

Saka vert utsett.

Behandling:

Etter framlegg frå ordføraren vart det samrøystes vedteke å utsetje saka.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren si tilråding er at kommunestyret gir sjølvskulndarkausjon på 12 million til Combisenteret AS, for å få eit rimelegare og gunstigare lån frå kommunalbanken enn det vi kan oppnå i dei private bankane. Lånesummen vil vere på kr 12 million og det vil vel seie at kommunen må stille sjølvskuldnarkausjon på 13,2 million som må vere gyldig i 25 år, som er planlagt lånetid på dette lånet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 171/25

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret gir sjølvskulndarkausjon på 12 million til Combisenteret AS, for å få eit rimelegare og gunstigare lån frå kommunalbanken enn det vi kan oppnå i dei private bankane. Lånesummen vil vere på kr 12 million og det vil vel seie at kommunen må stille

sjølvskuldnarkausjon på 13,2 million som må vere gyldig i 25 år, som er planlagt lånetid på dette lånet.

PS 129/25 Leing og styring - Revisjon av kommunedirektøren sitt styringsdokument - 2025

Vedtak:

Kommunestyret tek kommunedirektørens styringsdokument til vitande, samt internkontrollreglement med retningslinjer for risikovurdering.

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tek kommunedirektørens styringsdokument til vitande, samt internkontrollreglement med retningslinjer for risikovurdering.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 11.11.2025 - 160/25

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret tek kommunedirektørens styringsdokument til vitande, samt internkontrollreglement med retningslinjer for risikovurdering.

PS 130/25 Søknad om kommunal garanti, garasje Almklovsætra, Åheim IL

Vedtak:

Åheim idrettslag får kommunal garanti på inntil 387.000,- slik det er søkt om.

1. Lånet skal brukast til å finansiere eigenandel til knytta til bygging av garasje til løypeprepareringsutstyr.
2. Garantien for hovudstol på lån vert nedtrappa i henhold til nedbetalingsplan på lånet.
3. Garantien vert gitt som simpel kausjon.

Behandling:

Varaordførar Lena Marie Landsverk, V tok opp spørsmål om gildskap - styreleiar i Åheim IL. Ho vart samrøystes kjend ugild og gjekk frå under handsaming av saka.

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Åheim idrettslag får kommunal garanti på inntil 387.000,- slik det er søkt om.

1. Lånet skal brukast til å finansiere eigenandel til knytta til bygging av garasje til løypeprepareringsutstyr.

2. Garantien for hovudstol på lån vert nedtrappa i henhold til nedbetalingsplan på lånet.
3. Garantien vert gitt som simpel kausjon.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 172/25

Formannskapet tilrår:

Åheim idrettslag får kommunal garanti på inntil 387.000,- slik det er søkt om.

1. Lånet skal brukast til å finansiere eigenandel til knytta til bygging av garasje til løypeprepareringsutstyr.
2. Garantien for hovudstol på lån vert nedtrappa i henhold til nedbetalingsplan på lånet.
3. Garantien vert gitt som simpel kausjon.

PS 131/25 Revisjon av beredskapsplan 2026

Vedtak:

Beredskapsplanen vert godkjent slik den ligg føre. Vedtaket er gjort i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) §15. Denne planen skal ajourhaldast og godkjennast årleg.

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Beredskapsplanen vert godkjent slik den ligg føre. Vedtaket er gjort i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) §15. Denne planen skal ajourhaldast og godkjennast årleg.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 180/25

Formannskapet tilrår:

Beredskapsplanen vert godkjent slik den ligg føre. Vedtaket er gjort i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) §15. Denne planen skal ajourhaldast og godkjennast årleg.

PS 132/25 Ny avtale for sambruk - Syvde samfunnshus

Vedtak:

Vanylven kommunestyre godkjenner den nye avtalen om sambruk og fordeling av driftutgifter mellom L/L Syvde samfunnshus og Vanylven kommune, og at denne trer i kraft frå vedtaksdato i kommunestyre.

Behandling:

Habilitetsspørsmål, foreslått av Kristian Ernie Bentsen, Industri- og Næringspartiet
Vil ha habiliteta mi vurdert, sitt i styret i Syvde Samfunnshus

Kristian Bentsen, INP tok opp spørsmål om gildskap - styremedlem i L/L Syvde samfunnshus. Han vart samrøystes kjend ugild og gjekk frå under handsaming av saka.

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at Vanylven kommunestyre godkjenner den nye avtalen om sambruk og fordeling av driftutgifter mellom L/L Syvde samfunnshus og Vanylven kommune, og at denne trer i kraft frå vedtaksdato i kommunestyre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 178/25

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommunestyre godkjenner den nye avtalen om sambruk og fordeling av driftutgifter mellom L/L Syvde samfunnshus og Vanylven kommune, og at denne trer i kraft frå vedtaksdato i kommunestyre.

PS 133/25 Ny samarbeidsavtale for Sunnmøre regionråd - IPR som eige rettssubjekt

Vedtak:

Vanylven kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å legge ned Sunnmøre regionråd IKS.

Vanylven kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å slutte seg til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR med Ålesund kommune som kontorkommune, og sluttar seg i staden til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 11.11.2025 - 161/25

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å legge ned Sunnmøre regionråd IKS.

Vanylven kommunestyre gjer om tidlegare vedtak om å slutte seg til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR med Ålesund kommune som kontorkommune, og sluttar seg i staden til samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR som eige rettssubjekt.

PS 134/25 Busetting av flyktningar i 2026

Vedtak:

Vanylven kommune vil i samsvar med oppmodinga frå IMDi ta i mot 5 flyktningar i 2026.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vedteke med 16 røyster mot 2 røyster (Frp).

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune vil i samsvar med oppmodinga frå IMDi ta i mot 5 flyktningar i 2026.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 170/25

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune vil i samsvar med oppmodinga frå IMDi ta i mot 5 flyktningar i 2026.

PS 135/25 Promenaden Sameige - kjøp av leiligheter

Vedtak:

Vanylven kommune kjøper 2 stk leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Vanylven kommune kjøper leilegheit 3.2 og 4.4 til ein samla sum på kr 10.680.000,- + felleskostnader

Tilsagnet vert gitt for 12 månader frå vedtaksdato i kommunestyret

Kjøpet vert finansiert gjennom nytt låneopptak.

Behandling:

Kommunedirektør Andreas Chr. Nørve gjekk frå som ugild - sambuar involvert i tilsvarande prosjekt.

Magne Johnny Sætre, INP tok opp spørsmål om gildskap - sendt inn søknad som omhandlar det same.

Han vart samrøystes kjend ugild og gjekk frå under handsaming av saka.

Varaordførar Lena Marie Landsverk sette fram alt. 1/ tilrådinga frå eldrerådet.

Votering:

11 røyster for tilrådinga frå formannskapet (Sp, INP, H, Njål Sivertstøl, Ap, Elisabet Lauvstad Haugen, Frp).

6 røyster for framlegget frå varaordførar Lena Marie Landsverk (V, Rolf Dyb, Frp, Lars Tore Bakkebø, Ap)

Fagleiar teknisk si tilråding:

Alternativ 1:

På grunn av den økonomiske situasjonen må Vanylven kommunestyre takke nei til kjøp av leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Alternativ 2:

Vanylven kommunestyre kjøper 1 stk leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Vanylven kommune kjøper leilegheit 4.4 til ein samla sum på kr 5.890.000,- + felleskostnader

Tilsagnet vert gitt for 6 månader frå vedtaksdato i kommunestyret

Kjøpet vert finansiert gjennom nytt låneopptak

Alternativ 3:

Vanylven kommunestyre kjøper 2 stk leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Vanylven kommune kjøper leilegheit 3.2 og 4.4 til ein samla sum på kr 10.680.000,- + felleskostnader

Tilsagnet vert gitt for 6 månader frå vedtaksdato i kommunestyret
Kjøpet vert finansiert gjennom nytt låneopptak

Alternativ 4:

Vanylven kommunestyre kjøper 3 stk leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Vanylven kommune kjøper leilegheit 3.2, 4.4 og 4.5 til ein samla sum på kr 16.670.000,- + felleskostnader

Tilsagnet vert gitt for 6 månader frå vedtaksdato i kommunestyret

Kjøpet vert finansiert gjennom nytt låneopptak

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 181/25

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune kjøper 2 stk leilegheiter med RIFI Eigedom AS i Promenaden Sameige.

Vanylven kommune kjøper leilegheit 3.2 og 4.4 til ein samla sum på kr 10.680.000,- + felleskostnader

Tilsagnet vert gitt for 12 månader frå vedtaksdato i kommunestyret

Kjøpet vert finansiert gjennom nytt låneopptak.

PS 136/25 Revidering av retningslinjer for tildeling av helse- og omsorgstenester i Vanylven kommune

Vedtak:

Kommunestyret vedtek revidert utgåve av "Retningslinjer for tildeling av helse- og omsorgstenester i Vanylven kommune" med desse endringane:

6.2 Matombering :

Endre teksta til :

"Tenesta er ei abonnementsordning der ein kan få innvilga middagsombering eller fullkost for ein eller fleire daga av gangen"

Stryke

"eller varme til dømes ferdigretta frå butikken."

6.6

Stryke delen av setninga

-men ikkje som ei fullfinansiering av transportbehovet

Og

-TT-ordninga skal berre nyttast til

lokale fritidsreiser, og ikkje til sjuketransport, legebesøk, reise til fysioterapi eller andre reiser som blir dekt av folketrygda.

Behandling:

Endringsforslag, foreslått av Caroline Juul, Arbeidarpartiet

Endring av punkt

Caroline Juul (Ap)15.12.2025

Forslag

6.2 Matombering :

Endre teksta til :

“Tenesta er ei abonnementsordning der ein kan få innvilga middagsombering eller fullkost for ein eller fleire daga av gangen”

Stryke

“eller varme til dømes ferdigretta frå butikken.”

6.3 Praktisk bistand

Stryker setninga

“Eller teknologi som robotstøvsuger eller lignende”

6.6

Stryker delen av setninga

-men ikkje som ei fullfinansiering av transportbehovet

Og

-TT-ordninga skal berre nyttast til

lokale fritidsreiser, og ikkje til sjuketransport, legebesøk, reise til fysioterapi eller andre reiser som blir dekt av folketrygda.

Kommunalsjef Karoline Lundås orienterte og svarde på spørsmål

Votering:

Framlegget frå Caroline Juul - punkt 6.2:

10 røyster for framlegget (INP, Ap, Frp, Merete Vatne, Sp)

9 røyster mot framlegget (V, H, ordførar Paul, Sindre Vedeld, Sp, Ingebrigt Berget, Sp, Petter Bondhus, Sp).

Framlegget frå Caroline Juul - punkt 6.3:

15 røyster mot framlegget (Sp, V, H, Frp, Nils Olav Moen, INP, Kristian Bentsen, INP, Magne Johnny Sætre, INP)

4 røyster for framlegget (Ap, Therese Aksnes, INP).

Framlegget frå Caroline Juul - punkt 6.6 vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart tilrådinga frå formannskapet m/endingar samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek revidert utgåve av “Retningslinjer for tildeling av helse- og omsorgstenester i Vanylven kommune.”

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 182/25

Formannskapet tilrår:

Kommunestyret vedtek revidert utgåve av “Retningslinjer for tildeling av helse- og omsorgstenester i Vanylven kommune.”

PS 137/25 Turistfiske - tid for nytenking

Vedtak:

Kommunestyret vedtar vedlagte opprop, som vert oversendt til Fiskeridepartementet.

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Vanylven uttrykker sterk bekymring for konsekvensane av dei nyleg endra reglene for turistfiske. Regelverket, slik det no er utforma, trugar livsgrunnlaget for småbedrifter og lokale arbeidsplassar langs kysten.

Kommunedirektøren si tilråding er at kommunestyret vedtar vedlagte opprop, som vert oversendt til Fiskeridepartementet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 02.12.2025 - 183/25

Kommunestyret vedtar vedlagte opprop, som vert oversendt til Fiskeridepartementet.

PS 138/25 Frank Robert Sande - søknad om fritak frå politiske verv

Vedtak:

Frank Robert Sande får innvilga fritak frå politiske verv fram til 1. mai 2026.

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

Kommunedirektøren si tilråding:

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 11.11.2025 - 162/25

Formannskapet tilrår:

Frank Robert Sande får innvilga fritak frå politiske verv fram til 1. mai 2026.

PS 139/25 Kommunestyret - møteplan 2026

Vedtak:

Kommunestyret har møte desse dagane i 2026:

23. februar, 30. mars, 4. mai, 22. juni, 7. september, 26. oktober, 23. november, 14. desember.

Møta skal normalt starte kl. 09.00.

Behandling:

Møteplan 2026, foreslått av Nils Olav Moen, Industri- og Næringspartiet

Siste møte i desember 2026 vert flytta fram fra mandag 21 desember til torsdag 17 desember. Grunnet fare for mye forfall i årets viktigaste møte.

Møtedagar kommunestyret, foreslått av Lena Marie Landsverk , Venstre

Kommunestyret vel tysdag som fast møtedag.

Framlegg frå ordføraren:

Møte 16. februar vert flytta til 23. februar, nytt møte 23. november, møte 21. desember vert flytta til 14. desember.

Votering:

Det vart først votert over framlegget frå varaordførar Lena Marie Landsverk om tysdag som fast møtedag:

19 røyster mot framlegget.

1 røyst for framlegget (Varaordførar Lena Marie Landsverk).

Deretter vart tilrådinga frå kommunedirektøren med endringsframlegget frå ordføraren samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret har møte desse dagane i 2026:

16. februar, 30. mars, 4. mai, 22. juni, 7. september, 26. oktober, 21. desember.

Møta skal normalt starte kl. 09.00.

PS 140/25 Utviding av gravplass Åheim 2025

Vedtak:

Grunna den økonomiske situasjonen til Vanylven kommune tilrår kommunedirektøren at ein i første runde bygg ut felt A med 48 urnegraver 12*4 slik det går fram av skisseprosjektet. I tillegg startar ein grunntinging på felt B slik det går fram av skisseprosjektet. Ein inngår oppsjon på utbygging av felt B slik at ein kan bygge ut dette når ein har sikra grunn til prosjektet og behovet for fleire urnegraver melder seg.

Kvernevik AS har i konkurranse med 3 andre levert det beste tilbodet totalt sett. Prosjektet vil gi 48 urnegraver som vil sette behovet i lengre tid. Ein føreset då at kistegraver vert gravlagde på Slagnes inntil vidare.

Kvernevik AS har prisa utbygging av felt A til kr 311 000,- Felt B har ein kostnad på kr 1 777 813,-.

Totalkostnad for utbygging av felt A og B vert då kr 2 088 909. (utan kostnad for grunntinging på felt B)

Investeringa vert å finansiere med låneopptak.

Behandling:

Planlegging med utviding av gravplass Åheim går som tidligere vedtatt, foreslått av Nils Olav Moen, Industri- og Næringspartiet

Vanylven Kommune består dessverre nå av få fødde, og mange eldre over 70 år. Utviding av gravplassen på Åheim har vert en betent sak over mange år politisk.

INP ber derfor at planen for utviding av gravplassen på Åheim går etter tidligere vedtaket i kommunestyret.

Nils Olav Moen trekte sitt framlegg.

Samrøystes vedtak som framlegget med slik endring i andre avsnitt, tredje setning:
Ein føreset då at kistegraver vert gravlagde på Slagnes inntil vidare.

Kommunedirektøren si tilråding:

Grunna den økonomiske situasjonen til Vanylven kommune tilrår kommunedirektøren at ein i første runde bygg ut felt A med 48 urnegraver 12*4 slik det går fram av skisseprosjektet. I tillegg startar ein grunntinging på felt B slik det går fram av skisseprosjektet. Ein inngår oppsjon på utbygging av felt B slik at ein kan bygge ut dette når ein har sikra grunn til prosjektet og behovet for fleire urnegraver melder seg.

Kvernevik AS har i konkurranse med 3 andre levert det beste tilbodet totalt sett. Prosjektet vil gi 48 urnegraver som vil sette behovet i lengre tid. Ein føresett då at kistegraver vert gravlagde på Slagnes som i dag.

Kvernevik AS har prisa utbygging av felt A til kr 311 000,- Felt B har ein kostnad på kr 1 777 813,-.

Totalkostnad for utbygging av felt A og B vert då kr 2 088 909. (utan kostnad for grunntinging på felt B)

Investeringa vert å finansiere med låneopptak.

Rett utskrift 17.12.2025

Kåre Kvangarsnes